

## Referat styringsgruppemøte i verdiskapingsprosjektet i Setesdal-Ryfylkeiane.

Møtestad: Hovdetun, Hovden. Møtet varte frå kl. 15.15 til kl. 17.30

### Desse møtte:

Jørn Haug	SVR
Alf Odden	SVR
Ørnulf Haraldstad	Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør (ref.)
Bjørn Laugaland	Ordførar Hjelmeland, leiar av SVR
Frantz Nilsen	Rådmann i Bykle kommune
Margit Smeland	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, leiar
Tor Arne Eiken	Kommunalsjef i Kvinesdal
Ola Olsbu	Aust-Agder Fylkeskommune, plansjef
Gisle Ekse	Bykle kommune

### Velkomst og litt om bakgrunnen for prosjektet v/Jørn Haug:

#### Målsettinga for prosjektet:

- Auka kunnskap og medvit om villrein og villrein fjell slik at arten og leveområda blir ivaretatt på kort og lang sikt.
- Bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villrein fjell.

#### Verdiskaping:

- Miljømessig: Fleire og betre sti- og løypeplanar
- Kulturelt og sosialt: kunnskap om lokal villreinkultur og gode møteplassar for dialog og samarbeid.

#### Delprosjekt 1: Kunnskap om villrein og villrein fjell til barn og unge

##### Tiltak:

- Skarveskulen og Ungdom og lokal heiekultur
- Villrein, villrein fjell og kulturhistorie inn som tema i grunnskulen.
- Utarbeide undervisningsmateriell for bruk i grunnskulen
- Utvikle eit tilbod av friluftaktivitetar – trygg ferdsel
- Vidareutvikle tilbodet om opplæringsjakt.

#### Delprosjekt 2: Møteplass villrein fjellet

##### Tiltak:

- Vidareutvikle heieplansamlinga som arena for meiningsutveksling og formidling om villrein og villrein fjell.
- I tillegg etablere lokale treffpunkt med opne temakvelder («Aktuelt frå villrein fjellet»).
- o Styre formidling av aktuelle forskingsprosjekt samt andre villreinfaglege tema til desse arrangementa.

#### Delprosjekt 3: Villreinen og kulturarven

##### Tiltak:

- Utvikle kartløyising med kulturminne med villrein som tema.
- Betre informasjon på etablerte besøksenter
- Arrangering av fellesturar til utvalde kulturminne.
- Tilrettelegging og informasjon ved villreinrelaterte kulturminne.
- Etablere og arrangere vertskapskurs og guidekurs for reiselivsverksemder.

#### Delprosjekt 4: Sti- og løypeplanar

##### Tiltak:

- Regionvise samlingar i regi av FK – motivere og spreie kunnskap
- Tilrettelegge eksisterande kunnskap, for eksempel frå GPS-merkeprosjektet
- Økonomisk støtte
- Utvikle modellar for fleksibel preparering av skiløyper.

#### Bykle-prosjektet: (adaptiv løypeforvaltning):

##### Tre bein:

- Kunnskapsformidling
- Næringsutvikling (identifisere ideer)
- Adaptiv løypeforvaltning
  - o Bli i sin heilskap tatt inn i SVR-prosjektet. Tema fordelast på delprosjekta der det naturleg høyrer heime.

##### Organisering:

- Styringsgruppe (NVS sekretariat, delprosjektleiingar med møte- og talerett)
- Delprosjekt 1
- Delprosjekt 2
- Delprosjekt 3
- Delprosjekt 4

## Konstituering

Styringsgruppa valt som føreslege.

Verneområdeforvaltarane med Jørn Haug i førarsetet vil ha prosjektleiarrolla for arbeidsgruppe 1 – 3. Prosjektleiingar for arbeidsgruppe 4 vert WSP v/Gisle Ekse. Han har så langt vore innleigd av Bykle kommune som prosjektleiar for adaptiv løypeforvaltning, og vidarefører rolla inn i arbeidsgruppe 4.

Styringsgruppa er sett i hop av aktørane lista opp nedom (NVS sekretariat, delprosjektleiingar med møte- og talerett):

- Styreleiar SVR – leiar av styringsgruppa
- Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder (1)
- Aust-Agder Fylkeskommune (1)
- Bykle kommune (1)
- Kvinesdal kommune (1)
- Reisemål Ryfylke (1)
- Villreinnemnda (1)

## Val av leiar

Då det er SVR som er søkar av prosjektet er det framlegg om at leiar for SVR også er leiar for dette prosjektet. Ingen hadde innvendingar mot dette.

## Godkjenning av mandat for styringsgruppa

Som framlegg med tillegg i raudt:

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for økonomi, framdrift og vegval undervegs i prosjektet. Den skal sjå til at innhald og arbeid i delprosjekta blir i tråd med prosjektskildringa.

Styringsgruppa skal bidra fagleg og organisatorisk til at prosjektet blir gjennomført i tråd med målsetting gjeven i prosjektskildringa. Avgjersler som tas i styringsgruppa kan ikkje avgrense eller binde avgjersler eller vurderingar ved utøving av mynde for deltakande offentlege etatar.

**Styringsgruppa føretek endeleg samordning og prioritering mellom delprosjekta.**

**Styringsgruppa skal også ha endeleg avgjerd på samansetting av delprosjekta.**

**Norsk villreinsenter Sør bidreg med sekretariatsfunksjon for styringsgruppa.**

Styringsgruppa er sett i hop av aktørane lista opp nedom:

- Styreleiar SVR – leiar av styringsgruppa
- Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder (1)
- Aust-Agder Fylkeskommune (1)<sup>1</sup>
- Bykle kommune (1)
- Kvinesdal kommune (1)
- Reisemål Ryfylke (1)
- Villreinnemnda (1)

Informasjon frå både styringsgruppa og arbeidsgruppene blir lagt ut på nettsidene til SVR.

Alle møtereferat osv blir også sendt til aktuelle adresselister. Hjø kommunane er det viktig å få dette sendt til postmottaka, då dei blir jamleg lest av mange.

---

<sup>1</sup> Det blir avklart internt i ny samanslegen fylkeskommune om dette skal vera ein representasjon for både Aust- og Vest-agder FK.

## **Forslag til samansetting av arbeidsgrupper for delprosjekta**

### Arbeidsgruppe 1: Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell til barn og unge.

Delprosjektleder: verneområdeforvaltar SVR (Jørn Haug).

- Kommune (1)
- Kommune (1)
- Norsk villreinsenter Sør (1)
- SNO (1)
- Statskog (1)

Ein av kommunane i arbeidsgruppa blir representert ved pedagogisk rådgjevar, med tanke på å treffe rett for skuleverket.

Målgruppe blei diskutert: Er det berre grunnskulen som er aktuelt? Skal det ev. gjelde både barnehage og vidaregåande skule også? Viktig å finne ei form som får innpass i skuleverket. Ofte er dette opplegg som er ferdig rigga, slik at det er lett for skulane å ta det i bruk.

Ser det også naturleg å rette seg mot leirskule-segmentet og også skuleverket på tampen av undervisningsåret.

Barn og unge blir i denne samanhengen definert som barneskulen og til og med vidaregåande. Innspel om å sjå til at ein får med både «tunge» villreinkommunar, men også dei meir perifere i desse arbeidsgruppene; -at dette er godt fordelt.

### Arbeidsgruppe 2: Møteplass villrein fjellet.

Delprosjektleder: verneområdeforvaltar SVR (Jørn Haug).

- Fylkeskommune (1)
- Kommune (1)
- Kommune (1)
- Norsk villreinsenter Sør (1)
- Ein eller to lokale aktørar som har kunnskap og/eller fasilitetar som kan brukast i samband med lokale treffpunkt (ref. prosjektskildringa).

Kommentarar til samansettinga av arbeidsgruppene: Burde Fylkesmannen vore representert?

Haraldstad tenker at dette i utgangspunktet er dekt gjennom verneområdeforvaltarane.

Positivt også at denne arenaen er tenkt tufta på dei etablerte Heieplansamlingane.

### Arbeidsgruppe 3: Villrein og kulturarven.

Delprosjektleder: verneområdeforvaltar SVR (Jørn Haug).

- Fylkeskonservator (1)
- Sveinung Bang Andersen (tidl. Arkeologisk museum Stavanger)
- Kommune (1)
- Kommune (1)
- Reiselivsaktør
- Bransjerepresentant

Omtale: Ut frå tematikken er det naturleg at kulturminnesida er tungt inne. Snorre Haukalid hjå fylkeskonservator i Vest-Agder vert førespurt. Med reiselivsaktør ser ein for seg firma/føretak som ser moglegheita for å utvikle og tilbyde eit reiselivsprodukt basert på kulturarven. Næringsutvikling (ref. Bykle-prosjektet) tas inn her.

Er det kanskje litt tidleg i prosessen å peike ut ein enkelt reiselivsaktør, då det er stor spennvidde i denne bransjen? Samstundes er det kanskje også viktig å ha ein aktiv drivar representert i gruppa, slik at den kommersielle biten er med heilt ifrå starten?

Framlegg om å endre reiselivsaktør til «Representant frå reiselivsbransjen» og at ein hentar inn konkrete føretak etter trong?

Bør ein skjele til resultatata i «Frå gråberg til gull»?

Konklusjonen blei at ein legg til ein ekstra representant frå reiselivsbransjen i tillegg til reiselivsaktøren.

#### Arbeidsgruppe 4: Sti- og løypeplanar:

Delprosjektleder: Gisle Ekse, WSP

- Bykle kommune (3)
- Annan kommune (1)
- Fylkesmannen (2)
- Fylkeskommunen (1)<sup>2</sup>
- Verneområdeforvaltar SVR
- Villreinlaget (1)

Omtale: Adaptiv løypeforvaltning (ref. Bykle kommune-prosjektet) tas inn her. Viktig at arbeidsgruppa «utvidar horisonten» for å fange opp alle tiltaka som ligg i prosjektskildringa. Eksisterande prosjektleder nyttast vidare for å sikre kontinuitet og framdrift.

Samansettinga bygger på dagens prosjektgruppe (adaptiv løypeforvaltning) men er redusert med ein person frå Bykle kommune og fylkesmannen for å ikkje få for stor arbeidsgruppe. Likevel, fullt praktisk mogleg å oppretthalde talet på deltakarar frå desse om det er ynskjeleg. Annan kommune med for å sikre breiare geografisk nedslagsfelt.

Vinje kommune kan vera mogleg aktuell annan kommune i dette, som også har signalisert at dei er positive til å delta i prosjektet. Det blir då to tunge villreinkommunar. Alternativet er å ta inn ein kommune som ikkje har så mykje villreinutfordringar som dermed har eit anna perspektiv.

Styringsgruppa landa på å invitere Vinje kommune med i denne arbeidsgruppa.

---

<sup>2</sup> Øystein Kristensen som sit i den eksisterande prosjektgruppa for Bykle-prosjektet, tar denne rolla vidare.



## Møteplan 2018

- 5. mars, Hovden
- 16. april, klokka 10:30 (skype) – budsjett, fastsetting av arbeidsgrupper + informasjon om prosjektet adaptiv løypeforvaltning inkl. godkjenning av trasear for utprøving ref. arb. gr. 4.
- 12. juni, klokka 10:00 (skype) – status for arbeidsgruppene, avklaring tiltak og vegval
- 18.-19. oktober, (lunsj-lunsj)– felles møte styringsgruppe og arbeidsgrupper
- 26. november, klokka 10:00 (skype) – statusrapport arbeidsgrupper

Retten før eller rett etter sommaren, skal Bykle-prosjektet sende ein rapport til høyring hjå sentrale partar, og det er styringsgruppa som må godkjenne denne. Konklusjonen er at denne rapporten då bør vera klar til møtet den 12. juni som nemnt over. Høyringsinnspelane vil dermed kunne drøftast i møtet 18.-19. oktober.

## Økonomi

Jørn tok ein gjennomgang av kva som er løyvd av midlar og eigeninnsats til prosjektet (Vedlagt). Det er gitt totalt kr 1.000.000,- gjennom verdiskapingsprogrammet, prosjektet må inn med tilsvarende ressursar sjølve.

Så langt er det varierende beløp og summar i eigeninnsats som er løyvd frå dei ulike omsøkte bidragsytarane.

Valle kommune har sagt seg viljuge til bidra inn med å ta økonomiansvaret for prosjektet og innkomne midlar så langt er per i dag «lagra» hjå dei.

Planlagde tiltak i 2018 vil ikkje bruke opp budsjettet i 2018, men ein kjem eit stykke på veg.

Vidare skal det vera nettverkssamling på Honne den 15.-16. mars, der dette prosjektet stiller med prosjektleiar og styringsgruppeleiar. Ein plass til er ledig; -andre som vil? Her vil det bli gjennomgang av dei andre prosjekta, samt ein del fagleg påfyll og arbeid i grupper med aktuelle tema. Alf Odden vert med i tillegg.

Skinnarbu 07.03.18, Lena Romtveit



## Adresseliste (berre sendt elektronisk):

### Styringsgruppa

Bjørn Laugaland – [bjorn.laugaland@hjemland.kommune.no](mailto:bjorn.laugaland@hjemland.kommune.no)

Margit Smeland – [margit.smeland@gmail.com](mailto:margit.smeland@gmail.com)

Tor Arne Eiken – [tor.arne.eiken@kvinesdal.kommune.no](mailto:tor.arne.eiken@kvinesdal.kommune.no)

Åshild Hus – [aashild@visitlysefjorden.no](mailto:aashild@visitlysefjorden.no)

Frantz Nilsen – [frantz.nilsen@bykle.kommune.no](mailto:frantz.nilsen@bykle.kommune.no)

Ørnulf Haraldstad – [fmavorn@fylkesmannen.no](mailto:fmavorn@fylkesmannen.no)

Ola Olsbu – [ola.olsbu@austagderfk.no](mailto:ola.olsbu@austagderfk.no)

### Prosjektleiarar

Gisle Ekse – [gisle.ekse@wsp.com](mailto:gisle.ekse@wsp.com)

Jørn Haug – [fmavjth@fylkesmannen.no](mailto:fmavjth@fylkesmannen.no)

### Sekr. styringsgruppa

Marianne Singsaas – [marianne.singsaas@villrein.no](mailto:marianne.singsaas@villrein.no)

### Postmottak til deltakande partar (kopi)

Odda kommune (?) – [post@odda.kommune.no](mailto:post@odda.kommune.no)

Kvinesdal kommune – [post@kvinesdal.komune.no](mailto:post@kvinesdal.komune.no)

Vinje kommune – [postmottak@vinje.kommune.no](mailto:postmottak@vinje.kommune.no)

Hjemland kommune – [postmottak@hjemland.kommune.no](mailto:postmottak@hjemland.kommune.no)

Bykle kommune – [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)

Suldal kommune – [postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no)

Valle kommune – [post@valle.kommune.no](mailto:post@valle.kommune.no)

Bygland kommune – [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

Setesdal Ryfylke villreinlag – [sveinos@msn.com](mailto:sveinos@msn.com)

Villreinnemnda for setesdalsområdet – [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no)

Rogaland fylkeskommune (?) – [firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

Aust-Agder fylkeskommune - [postmottak@austagderfk.no](mailto:postmottak@austagderfk.no)

Vest-Agder fylkeskommune – [postmottak@vaf.no](mailto:postmottak@vaf.no)

Fylkesmannen i Aust og Vest Agder – [fmavpost@fylkesmannen.no](mailto:fmavpost@fylkesmannen.no)

Fylkesmannen i Rogaland (?) – [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

Forvaltningssekretariatet SVR – [post@svr.no](mailto:post@svr.no)

### Arbeidsgruppe 4 (kopi)

Jostein Rysstad – [jostein.rysstad@bykle.kommune.no](mailto:jostein.rysstad@bykle.kommune.no)

Sigrid Bjørgum – [sigrid.bjorgum@bykle.kommune.no](mailto:sigrid.bjorgum@bykle.kommune.no)

Kristian Kvaalen Herregården – [kristian.kvaalen.herregarden@bykle.kommune.no](mailto:kristian.kvaalen.herregarden@bykle.kommune.no)

Tor Punsvik – [fmavtpu@fylkesmannen.no](mailto:fmavtpu@fylkesmannen.no)

Per Kjetil Omholt – [fmavpko@fylkesmannen.no](mailto:fmavpko@fylkesmannen.no)

Øystein Kristensen – [oystein.kristensen@austagderfk.no](mailto:oystein.kristensen@austagderfk.no)

Jørn Haug – [fmavjth@fylkesmannen.no](mailto:fmavjth@fylkesmannen.no)

Gisle Ekse (prosjektleder) – [gisle.ekse@wsp.com](mailto:gisle.ekse@wsp.com)

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerlann | +47 95 05 47 55 | E-post: [post.nord@villrein.no](mailto:post.nord@villrein.no)  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: [post.sor@villrein.no](mailto:post.sor@villrein.no)  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48